



Det Kongelige
Norske
Videnskabers
Selskab

Meddelelser

2014 • nr. 10



Kristian Fossheim

”Eit stort steg opp og fram”

Det Kongelige Norske Videnskabers Selskab

250-år

”Eit stort steg opp og fram”

Det Kongelige Norske Videnskabers Selskab
250 år

Kristian Fossheim



Det Kongelige Norske Videnskabers Selskab 2014



Layout: Helge E. Ødegaard
Fotoutvalg: Helge E. Ødegaard i samarbeid med forfatteren

Skrifter:

Sabon LT Std
Futura
Avendale

Boktittelen «Eit stort steg opp og fram» er eit sitat frå presestalen under Kongemiddagen under jubileet.


Det Kongelige Norske Videnskabers Selskab
<http://www.dknvs.no>

ISBN: 978-82-93175-11-7
ISSN: 1890-081X





Preses Steinar Supphellen og visepreses Kristian Fossheim i jubileumsåret under biletet av biskop Gunnerus. (Morgenbladet 5.-11. mars 2010)



Styret i DKNVS i jubileumsåret. Frå venstre framme: Joar Grimsbu, Hanna Mustaparta, Britt Dale, Kristian Overskaug. Frå venstre bak: Kristian Fossheim, Steinar Supphellen, Asbjørn Moen, Ola Dale



Innhold

Helsingsord frå Regjeringa	7
Forord	9
Innleiing, tilbakeblikk	11
Etablering av nye ressursar	12
Før det starta: Kick-off	13
Opning av jubileet	13
Æmula Lauri og Den lange linjen	16
DKNVS` Jubileumsvev – ein kjelderressurs	16
Boklansering	17
Gunnerusforelesingane	17
Monumentet Reflexions	19
Høgtidsdagen	21
Avduking av Reflexions	22
Frå Noas ark til Dobbel Helix	31
Høgtidsmøtet	33
Kongemiddag i Herresalen og Hvelvrommet	37
Dødsfordriv	40
Opning av Bleken-utstillinga	40
Festførestilling i Olavshallen	42
Jubileums-festgudsteneste i Nidarosdomen	43
Trondheims gullalder	44
DKNVS Jubileumskonferansar 2010	47
Andre hendingar	48
Etterord	49



”

Den første var biskop, den andre var rektor
og den tredje var historiker. De møttes i
Trondheim, og sammen dannet de foreningen som
skulle få navnet *Det Kongelige Norske
Videnskabs Selskab.*

Det var Johan Ernst Gunnerus, Gerhard
Schøningh og Peter Frederik Suhm.
Året var 1760. ”

- Arild Stubhaug, Den lange Linjen, 2010





Helsingsord frå Regjeringa

Ved Statsråd Tora Aasland



Kjære Det Kongelige Norske Videnskabers Selskab, mine damer og herrer, gratulerer med dagen!

*”Man fødes gammel,
klok og tung,
belastet av sin uerfaring.
Man gror seg gradvis lett og ung
ved livets sakte åpenbaring.”*

Har vitenskapsmannen og kunsteren Piet Hein uttrykt så velformulert. Og jeg håper at nettopp denne beskrivelsen er passende på dagens jubilant; en fremadsynt 250-åring! Norges eldste vitenskapelige selskap, er en institusjon med en imponerende historie. Selskabet kan sies å ha brakt vitenskapen til Norge og har hatt fokus på vitenskap og formidling i 250 år. Det er flott at en ærverdig institusjon også benytter sitt eget jubileum til å se fremover fremfor å arrangere feiring med et begrenset tilbakeskuende perspektiv. Institusjonen har i løpet av mange år, grodd seg litt lettere og litt yngre, og er i dag også en utadrettet organisasjon som i takt med sitt eget formål om å fremme og formidle vitenskapen, stadig vil mer og stadig vil fremover. Jubileumsprogrammet er omfattende og har et bredt spekter. Jubileumsbøkene *Æmula Lauri* og *Den lange linjen* er praktverk som forteller Selskabets historie. Med jubileumskonferansene ”Sustainable Conservation: Bridging the gap between disciplines” og ”Climate Change and Security”, viser Selskabet sin evne til å relatere egen virksomhet til dagsaktuelle problemstillinger og viktige prioriteringer innen norsk forskningspolitikk. Gårsdagens utdeling av Selskabets priser til yngre forskere innen humaniora og naturvitenskap viser også at det er et fokus på fremtiden og de unge hoder, som er så viktige for rekrutteringen til norsk forskning. Jeg kommer akkurat fra åpningen av Håkon Blekens utstilling ”Dødsfordriv”, en spennende utstilling av en av våre ypperste kunstnere som til stadighet ser fremover og er levende opptatt av at kunst og vitenskap følger hverandre. Selskabets samarbeid med ham og andre fremstående kunstnere som Arve Tellefsen og Liv Ullmann er gode eksempler på at Selskabet evner å tenke både nytt og samtidig være tilbakeskuende; ved også selv se at kunst og vitenskap ikke er motsetninger, men deler av samme kultur, slik de mente det var i renessansen. Og som Leonardo da Vinci har sagt, ”Tiden strekker seg for den som bruker den.” Selskabet har brukt sine 250 år vel og måtte dere fortsette med det.

Kjære Det Kongelige Norske Videnskabers Selskab, På vegne av Regjeringen ønsker jeg tillykke med jubileet og framtida!





Fundator Johan Ernst Gunnerus (1718-1773)



250-års jubileet for Det Kongelige Norske Videnskabers Selskab DKNVS i 2010 utgjorde ein serie hendingar som samla sett er utan parallell i Selskabets lange historie. Dette gjeld innsats av både personell og økonomiske ressursar, talet på arrangement og publikumsoppmøte. Førebuingane starta alt i januar 2002, over åtte år før hovudarrangementa fann stad i mars 2010, med planane om å skrive Selskabets historie. Arbeidet med arrangementsprogram elles starta hausten 2005, over fire år før jubileet. Ein viktig grunn til at Selskabet tok så sterkt i, var det openberre behovet for å utvikle Selskabets nye rolle og identitet og styrke omdømet etter at både Vitenskapsmuseet og Gunnerusbiblioteket med sine store og unike samlingar med rundt 80 arbeidsplassar vart overførde til staten ved universitetet NTNU i 1984. 25 år seinare kunne ein konstatere at Selskabet var lite kjent blant folk flest, sjølv i den byen Selskabet har prega, Trondheim. Sett i relasjon til den overlag viktige rolla Selskabet hadde hatt i å gjere Trondheim til Kunnskapsbyen, var dette ikkje ein akseptabel situasjon. Og ingen andre enn Selskabet sjølv kunne rette opp dette. Men samtidig måtte innhaldet i jubileet i høg grad vere tidsaktuelt og framoverskodande, med kunnskap og vitenskap som bærebjelkar.

I samband med min avgang som preses i DKNVS, bad Styret meg om å ta på meg oppgåva å skrive rapporten om jubileet. Ettersom eg hadde hatt oppgåva som leiar av både jubileumskomiteen og underkomitear og såleis var den i Selskabet som kjende alle sider ved jubileet best, syntest dette ikkje vere ein unaturleg tanke. Det skulle sjølvsagt vise seg at å nøste opp att innhaldet i førebuingane og gjennomføringa av jubileet nær fire år i ettertid vart eit krevjande oppdrag. I alt omfatta jubileet 15 uavhengige arrangement med gjester og publikum. Planlegginga av desse arrangementa gjekk parallelt i tid. Dei fleste involverte samarbeid med ulike eksterne institusjonar, ofte med mange aktørar i førebuingane, og ennå fleire i gjennomføringa av arrangementa. I alt var det mange hundre menneske som gjorde ein innsats knytt til jubileet. Og dei internasjonale forskingskonferansane hadde til saman over 300 deltakarar frå heile verda. Minst like mange hadde spesifikke roller her frå staden.

Diverre gjekk ikkje jubileet utan dramatikk då preses Steinar Supphellen vart råka av sjukdom, berre nokre dagar før jubileumsarrangementa starta i mars 2010. Dette medførde at underteikna, dåverande visepreses, i samsvar med DKNVS sitt reglement, gjekk inn i rolla som fungerande preses under sjølve jubileumsarrangementa. Alle arrangement gjekk elles som planlagt.

I min Hovudrapport om jubileet har det vore viktig ikkje berre å dokumentere gjennomføringane av arrangementa og produkta som vart skapte, men minst like viktig har det vore å dokumentere prosessane som skapte dei. Det var der arbeidet låg i hovudsak. Sjølve arrangementa vart som å hauste fruktene av mange års arbeid. I Hovudrapporten er både prosessane og resultata grundig omtala. Om den rapporten skulle trykkast som bok med biletmateriale, ville den lett bli på 3- 400 sider. Den er å finne i arkivet, med omfattande dokumentasjon av alt trykt materiale som vart generert gjennom jubileet. Den som vil ha detaljane, må søke dit.



Ved arbeidet med Hovudrapporten hadde eg særleg i tankane at ved neste store korsveg, 300- års jubileet i 2060, skal det vere lett å finne kva som skjedde i 2010. Rådgjevarar i dette arbeidet var Steinar Supphellen og Yngve Espmark.

For å nå ut til medlemene, sponsorar og eit vidare publikum med ei oppsummering av jubileet, bad Styret meg skrive eit kort samandrag, med biletmateriale, for å gje det ut i bokform. Det er resultatet av dette arbeidet du nå held i hendene. Nåverande preses, visepreses og generalsekretær har fungert som rådgjevande bokkomité her.

Det gode samarbeidet med eksterne institusjonar var mykje av nøkkelen til eit vellykka 250-års jubileum. Som leiar av jubileumsarbeidet har eg personleg ein sterk trang til å takke ei lang rekkje institusjonar og enkeltpersonar for samarbeidet. Eg vil her gjerne også uttrykke denne takken på vegner av Selskabet. Når det gjeld enkeltindivid, er det så mange at det er uråd å lage ei fullstendig liste. Eg vil be om at alle som blir nemnde i rapporten, og mange, mange fleire tek den takken til seg. Kvar enkelt var verdfull, og alle var velvillige. Det var eineståande å oppleve!

Når det gjeld institusjonar som fortener takk, kan det også lagast ei lang liste. NTNU Vitenskapsmuseet må nemnast spesielt. Museets utstilling representerte i stor grad Selskabets historie, og sparde ikkje på innsatsen. Ei rekkje andre samarbeidspartar og økonomiske støttespelarar er det informert om inne i denne boka.

Endeleg vil eg takke dei eg arbeidde saman med før og under jubileet. Eg vil takke vår preses under jubileumsførebuvingane, Steinar Supphellen, generalsekretæranne Yngve Espmark og Kristian Overskaug, kontorfullmektig Turid Fredagsvik, leiaren for Finansutvalget, Per Ottesen, samt Styret for heilhjarta innsats. Ein særleg takk går til Maria Nordstrøm som fekk ei avgjerande rolle ved den praktiske gjennomføringa av jubileums-arrangementa.

I arbeidet med hovudrapporten har eg hatt god hjelp med layout og biletutvalg av Helge E. Ødegaard. Elsa Fossheim har lagt ned eit verdifullt arbeid i korrekturen av begge dokument. Takk til begge!

Eg vonar dette kortfatta forsøket på levandegjering av jubileet skal vere til glede for Selskabet, for medlemene, for sponsorane, og for kven som helst som skulle ha interesse for vårt ærverdige Selskabs ve og vel.

Trondheim, oktober 2014
Kristian Fossheim



Innleiing, tilbakeblikk

Jubileet hadde fleire føremål. Eitt var å dokumentere Selskabets historiske rolle i bokform, både vitskapleg for eit internasjonalt publikum, og i populær framstilling for norske lesarar. Denne kunnskapen skulle dessutan bringast ut til eit breiare publikum både gjennom det trykte ord, og i direkte møter, gjennom tiltak og arrangement som bar budskapet om utvikling av kunnskap, forskning og kultur langs ein historisk akse, frå 1760 og heilt inn i framtidens vitskaplege utfordringar. I denne samanhengen fann også kunstformer sin naturlege plass, i tråd med nyare utvikling innan den akademiske verda. Spesielt viktig var det å auke medvitet om at Selskabet hadde hatt ei stor og avgjerande rolle i utviklinga av Trondheim som kunnskapsby, at den byen vi ser i dag, på ein høgst direkte måte er prega av ein kontinuitet i Selskabets arbeid for og innan forskning, og i dokumentasjon av norsk natur og historie. Endeleg var målet, på basis av ei ny forståing i breie krinsar, å halde oppe og forsterke rolla til Selskabet ved nye tiltak og initiativ, så å seie redefinere Selskabet i ei meir profilert rolle som samfunnsaktør. At jubileet også hadde ein parallell ved NTNU si feiring knytt til 100- års jubileet for Norges Tekniske Høgskole, gjorde saka ennå større, og var ei viktig side ved heile jubileet. Mange relasjonar vart etablerte i denne samanhengen. Til dømes var visepreses medlem i NTNU sin jubileumskomiteé, og vitskapsmuseets store feiring fungerte for ein stor del som ei framstilling av DKNVS si historie.



250 år
1760 – 2010



Etablering av nye ressursar

Engasjering av nye krefter

Ved starten av jubileumsførebuingane var personellressursane i DKNVS svært beskjedne. Ei endring måtte komme. Fram til april 2008 var Yngve Espmark vald til vervet som generalsekretær, med Turid Fredagsvik som kontorfullmektig. Då vart Kristian Overskaug tilsett som fulltids generalsekretær.

Omtrent på same tid vart Per Ottesen tilsett i to år i mellombels deltidstilling som assisterande generalsekretær for finans, og som leiar av eit nyoppretta Finansutvalg med oppdrag å styrke økonomien i Selskabet. Finansutvalget bestod av assosierte medlemmer av Selskabets Akademi: Odd Arntzen, Joar Grimsbu, Jarle Malvik, Per Ottesen, Erik Solberg og Oddvar Sørtømme. Desse var alle, eller hadde vore, tunge aktørar i Trondheims forretningsliv, i bank og forsikring, advokatyrket og økonomisk utdanning.

Journalisten Maria Nordstrøm vart trekt inn som ein ressurs med omsyn til mediekontakt i første omgang, våren 2008. I siste fase hadde ho funksjon som prosjekt-leiar for den praktiske gjennomføringa av jubileet, og trekte då inn ei rekkje medarbeidarar under gjennomføringa av jubileet.

I det følgjande skal vi gå ein rask tur gjennom sjølve jubileumshendingane, men startar eit år i førevegen.



Denne side fra visepreses sin powerpoint i mars 2009 viser kor langt jubileumsførebuingane alt var komne eit år før jubileet starta.



Før det starta: Kick-off

Den 20. mars 2009 vart det arrangert eit godt besøkt felles ”kick-off”- arrangement for DKNVS- og NTNU- jubilea i Rådhuset, med talar og innlegg av Trondheims ordførar Rita Ottervik, Sør-Trøndelags ordførar Tore Sandvik, preses Steinar Supphellen, visepreses Kristian Fossheim, rektor Torbjørn Digernes, og prosjektleiar for NTNU- jubileet Åse Sjømæling. Preses gav eit kort oversyn over Selskabets historie, visepreses presenterte ein power point over tankar bak og planer for DKNVS’ jubileum. I Figuren på side 12 er vist eitt blad frå denne presentasjonen, som med eit raskt blick gir oversyn over viktige arenaer og personar i jubileumsprogrammet. Frå DKNVS’ side vart ein svært overraska over at byens ordførar starta historikken for byens kunnskapshistorie med etableringa av Trondhjems Tekniske Lærestanstalt i 1870. Det var tydeleg at Trondheim og Midt-Norge trengde ei større markering for at byen skulle bli kjend med si eiga kunnskapshistorie. Haldningsendringa som skulle komme, vart tydelegast markert ved det siste offentlege arrangementet i jubileumsveka: Då ordføraren heldt opningstalen for utstillinga i Nordenfjeldske Kunstindustrimuseum den 14. mars 2010, omtala ho DKNVS, NTNU og SINTEF som byen sine tre fyrstårn.

Opning av jubileet

Ein hyllest til Johan Daniel Berlin



Johan Daniel Berlin er eitt av dei mest talentfulle menneske som nokon gong har budd og arbeidd i Trondheim. Då Selskabet vart stifta, var Berlin på høgda av sin karriere, etter å ha budd i byen sidan 1737. Ved sida av Johan Ernst Gunnerus var det ingen som kunne måle seg med Berlin som opplysningsmenneske i denne byen. Sjølv om han ikkje hadde ei akademisk utdanning, men hadde gått gradene gjennom musikken, må han ha vore sjølvskriven som medlem av Det Trondhjemske Selskab, som var namnet på Selskabet fram til 1767, då det fekk sin endelege status som Det Kongelige Norske Videnskabers Selskab. Han var då også blant dei første på medlemslista, og i ein periode var det nettopp i hans romslege hus på hjørnet av Prinsens gate og Erling Skakkes gate, der teateret ligg nå, det vart invitert til møter i Selskabet. Johan Daniel Berlin er blitt kalla universalgeni. Ei bok om hans mangslungne virke vart gitt ut i 1987¹. Som ei oppvarming til jubileet skreiv komitéformannen ein kronikk i Adresseavisen i juli 2008.

¹ Kari Michelsen, red. *Johan Daniel Berlin, 1714-1787 : universalgeniet i Trondheim. Ringve museums skrifter* 1987





Monochordon Unicum.
Eigar: DKNVS

Program og gjennomføring

Førestillinga som opna jubileet i den nær fullsette Frimurerlogen den 9. mars 2010 kl 1930, hadde tittelen *En hyllest til Johan Daniel Berlin*. Førestillinga opna med fanfare av Bjørn Alterhaug, skriven til dette høvet, og opningstale av fungerande preses Kristian Fossheim.

Musikken som vart framført var i hovudsak komponert av Berlin. Første innslag var med Lørdagsskolens kammerorkester og solist på cornetto, eller zink, Pierre Cerasi. Ola Kai Ledang framførte Johan Daniel Berlins biografi, og introduserte dei medverkande og innhaldet i programmet etter kvart.

Orkesteret var sett saman av elevar ved Lørdagsskolen med Sven Olav Lyngstad som dirigent. To kvinnelege dansarar deltok frå Katedralskolen. Dei dansa først i barokk stil til eit cembalostykke av Johan Daniel Berlin, framført av John Sæther på piano, og deretter i moderne stil til eit arrangement av cembalostykket i jazz-stil, med Bjørn Alterhaugs kvintett. Museumsgjenstandane som var utstilte, var velvillig utlånte frå Ringve Museum, frå Gunnerusbiblioteket, Sverresborg Trøndelag Folkemuseum og Statsarkivet.

Utstillinga, eit gjenstandsteater, var sett opp i eit stort siderom til konsertsalen. Ein svært spesiell gjenstand var Berlins Monochordon Unicum, som er Selskabets eigedom, og er

plassert i Ringve museums varetekt. Dette einestående instrumentet fekk nå endeleg den merksemd det fortener. Ola Kai Ledang framførte ein gjennomarbeidd tekst undervegs i programmet. Kommentaranane var delte inn i sekvensar som i tur og orden tok for seg Johan Daniel Berlins mangefasetterte virke. 13 originale gjenstandar var utstilte. Kvar av dei viste ei ny side ved universalgeniet Berlin.


Følgjande karakteristikkar av Berlin som knytte seg til dei utstilte gjenstandane, seier veldig mykje om opphavsmannen: Instrumntbyggjaren, Oppfinnaren, «Matematicus», Meteorologen, Landmålaren, «Stadsmusicus», Komponisten, Mekanikaren, «Practicus», «Oberbrandmæster», Arkitekten.

Selskabets medlemer gav i ettertid uttrykk for stor glede over denne opningskvelden.





Detalj frå innsida av Monochordon Unicūm.



Trondhjems katedralskole. Teikning av Johan Daniel Berlin 1777. Den Kongelege arkitekten Harsdorff godkjende ikkje teikninga og tok bort observasjonstårnet. Bygningen stod ferdig i 1787 og vert framleis kalla Harsdorffbygningen. Mange vil meine at den likna svært på Johan Daniel Berlins forslag. Her har Selskabet hatt sine møter sidan 1787. Same år døydde Johan Daniel Berlin.
Kart- og tekeningssamlingen SAT, 432, 37.



Æmula Lauri og Den lange linjen

Styret utpeika alt i 2003 ein publiseringskomité, med Knut Ove Eliassen som leiar. I tillegg bestod den av Steinar Supphellen, Ida Bull, Helge Holden og Axel Christophersen. Generalsekretær Yngve Espmark var med på dei fleste møta. Publiseringskomitéen vedtok ein strategi i tre delar: Ein vitskapleg publikasjon på engelsk, ei såkalla folkebok på norsk, og ei nettsatsing. Den vitskaplege publikasjonen skulle vere skriven av

spesialistar, mens folkeboka skulle overlatast til ein respektert vitskapsformidlar.

Komitéen vart konstituert 6. januar 2004 og kom straks i arbeid. Som forfattarar av boka vart tilsett:

Brita Brenna, f. 1963, dr. art., Univ. i Oslo 2002. Postdoc ved Senter for teknologi, innovasjon og kultur ved Universitetet i Oslo.

Magne Njåstad, f. 1962, dr. art., NTNU 2003. Var timelærer ved Institutt for historie og klassiske fag, NTNU og Historisk institutt, Høgskulen i Volda.

Håkon With Andersen, f. 1949, dr. philos, NTNU 1987. Medlem DKNVS' Akademi. Professor ved Institutt for historie og klassiske fag, NTNU.

Astrid Wale, f. 1958, dåverande doktorand, NTNU. Disputerte i 2005.

Rekkjefølgja ovanfor viser til tidsepoke dei fire forfatterane skulle ha særansvar for. Respektive periodar var 1759–1814, 1814–1870, 1870–1960 og 1960–2000. Denne planen gjaldt den engelskspråklege boka som skulle få namnet Æmula Lauri. I 2005 vart det inngått kontrakt på eitt årsverk med Arild Stubhaug om skriving av den norskspråklege boka om Selskabets historie. Denne såkalla folkeboka fekk seinare namnet *Den lange linjen*.

DKNVS` Jubileumsvev – ein kjelderessurs



Arbeidet med å få etablert jubileumsveven til DKNVS starta hausten 2006. Nettstaden fekk internettadressen www.dknvsjubileum2010.no, og vart utarbeidd av ei tverrfagleg arbeidsgruppe. Prosjektet gjekk ut på å etablere ein ny nettstad som peika fram mot DKNVS sitt 250-årsjubileum i 2010. Arbeidsgruppa designa ut-sjånad og funksjon for jubileumsveven til DKNVS 250-års jubileum 1760-2010. Unn Kristin Daling hadde ansvaret for utvikling og vedlikehald av jubileumsnettstaden. Det innebar å finne, samle, leggje ut og presentere skriftlege kjelder og illustrasjonar med relevans til den 250-årige historia på internett. Dette skjedde i tett samarbeid med NTNU Universitetsbiblioteket, Avdeling for Spesialsamlingene ved Gunnerusbiblioteket, særskilt for å få digitalisert, tilrettelagt og publisert DKNVS Skrifter for 1760-1920 på internett. Dei ligg på nettstaden for NTNU Open Access Journals, <http://www.ntnu.no/ojs/>. Jubileumsveven vart organisert i tre hovuddelar: Selskabet, Biblioteket, med utgangspunkt i Selskabets boksamling, og Museet, med utgangspunkt i Selskabets raritetskabinett og seinare vitskaplege naturaliasamlingar. Selskabsdelen presenterer DKNVS i historisk perspektiv og i dag, med etablering,



organisasjon, verksemdar med Skrifter og premiar, vitskaplege prisar, biografiar og minnemedaljar, arkiv og brev, der breva frå Linné til Gunnerus er skanna og lagt ut, samt om utsmykkinga til jubileet. Blant kjelderressursane finst lenkje til Gunnerus sitt Hyrdebrev då han vart utnemnd som biskop i nordafjeldske Norge (frå Romsdalen til Finnmark), dessutan pdf-filer for visitasprotokollane hans, for Selskabets generalforsamlingsprotokollar for 1768-1951, samt for medlemsmatriklane til DKNVS. Det er også gjort eit stort arbeid med innsamling av foto og illustrasjonar knytt til DKNVS si historie. Ein stor del av desse er redigert og lagt ut på nettstaden, mellom anna foto av minnemedaljene frå 1927 til og med 2008. Alle tilgjengelege biografiar/ minnetalar knytt til dei som er prega på DKNVS sine minnemedaljar, er scanna, redigert og lagt ut på same side.

Boklansering

Folkeboka Den lange linjen

Historien om Videnskabselskabet i Trondheim.

Lanseringsseminaret for boka av Arild Stubhaug vart halde i Katedralskolens Gamle Festsal 10. mars. Boka er ein populærvitskapleg presentasjon av den 250 år lange historia til Norges første vitskapsselskap og dermed også ei framstilling av den lange lina i norsk vitskapshistorie. Arild Stubhaug har gitt ut ei rekkje skjønnlitterære bøker, hovudsakleg diktsamlingar, men er mest kjend som biograf for store matematikarar, særleg for boka *Et foranskutt lyn- Niels Henrik Abel og hans tid*, 1996. Seminaret trakk 100 tilhøyrarar. Trygve Lundemo skreiv dagen etter ein innsiktsfull omtale i Adresseavisen om Arild Stubhaugs bok, med overskrifta: «Historie i en gammel festsal. DKNVS har en aura av akademisk høytidelighet. Men selskapets historie viser at institusjonen har hatt stor samfunnsmessig betydning.»

Historieverket Æmula Lauri

Boklanseringa vart annonsert som eit ope vitskapleg fagseminar onsdag 10. mars kl. 13.15–17.15 i Gamle Festsal. Medverkande var leiar av bokkomitéen Knut Ove Eliassen og dei inviterte kommentatorane Jenny Beckman, Sverige, John Peter Collett, Norge og Thomas Bredsdorf, Danmark.

Gunnerusforelesingane



Charles L. Bennett




Ivar Giaever


Gunnerusforelesingane er ein fast innarbeida tradisjon i Selskabet, og blir arrangerte dagen før Høgtidsdagen. Jubileumskomitéen bestemte seg for å gjere noko heilt spesielt ut av desse forelesingane ved å legge dei til Studentersamfundets storesal, og invitere nokon av verdas aller fremste forskarar til å forelese. Dei to forelesingane skulle vere over to globalt viktige tema: Eitt om Universets utvikling frå Big Bang og fram til i dag, og eitt om utviklinga av livet på vår planet. Med andre ord, i



begge tilfelle det heilt store lerretet frå tidenes morgon til i dag. Namn som Sir David Attenborough, Nobelpris-vinnarane John Mather og George F Smoot, og biologen Craig Venter var først inne i diskusjonen. Charles Bennett ved Johns Hopkins universitetet i Baltimore, ein nær medarbeidar av John Mather vart, etter tilråding frå Mather, invitert til å foredra om utviklinga av Universet. Bennett er kreditert for å vere hovudansvarleg for arbeidet som førde til at Universets alder er bestemt til 13.7 milliardar år. Han gjorde ein strålende pedagogisk innsats med å forklare vårt nåverande syn på dette store og vanskelege temaet.



Frå Bennetts foredrag: Målingar av nokre få hundretusendels grader temperaturvariasjonar i den kosmiske bakgrunnsstrålinga etter Big Bang. Desse variasjonane representerer starten på utviklinga av den strukturen Universet har i dag.



Frå Bennetts foredrag: Utviklinga av Universet etter gjeldande forståing.

Den norske Nobelpris-vinnaren i fysikk, Ivar Giaever, Schenectady, New York vart til slutt vald til å foredra om utviklinga av livsformer på Jorda. Rektor Torbjørn Digernes ved NTNU introduserte Ivar Giaever som ein tidlegare - ikkje heilt vellykka - student ved NTH, noko Giaever sjølv ofte gjer eit stort poeng av, mens fungeran-



de preses, i eigenskap av både biograf² for Giaever, og fagfelle, tok seg av den faglege sida. Giaever, som vann Nobelprisen innan fagfeltet superleiing i 1973, hadde alt då gått over til biofysikk og har sidan lagt ned mesteparten av sin innsats der. Heile arrangementet vart annonsert som DKNVS' Gunnerusforelesingar i samarbeid med NTNU og Studentersamfundet. Studentersamfundet bidrog med teknisk og annan bistand, blant anna intern reklame blant studentane. Trass i dårleg ver og usikkerheit omkring studentoppslutningen, kom det så godt som fullt hus, nær 600 studentar og tilsette ved universitetet, og folk frå byen elles. Forelesarane møtte forventningane, og responsen frå publikum var svært god.

Monumentet Reflexions

Ein modningsprosess mot eit verdig monument



Tanken om å setje opp eit skulpturelt monument ved 250-års jubileet vart lansert av komitéformannen alt i det første møtet i jubileumskomiteén den 30.08.2006. Den opprinnelege tanken var å heidre Johan Ernst Gunnerus, biskopen og opplysningsmannen som var hovudarkitekten bak stiftinga av Selskabet. Etter kvart endra komitéén dette til ein hyllest av DKNVS. Monumentet fekk til slutt ei abstrakt form for vår tid. Monumentet fekk namnet *Reflexions*, etter at ein skandinavisk konkurranse vart vunnen av dei svenske kunstnarane Mats Olofgörs og Torbjörn Johansson. Monumentet som vart avduka av Hans Majestet Kong Harald i Museumsparken i Erling Skakkesgate den 12. mars 2010, rett framfor det naturhistoriske museet, vil for ettertida stå som det synlege minnet om 250 - års feiringa av Det Kongelige Norske Videnskabers Selskab, DKNVS. Arbeidet med monumentet³ var eit av dei aller mest krevjande delprosjekt i jubileet, utan tvil også eit av dei mest vellykka.

Frå juryens omtale:

«REFLEXIONS - Et reflekterende monument i parken. En plass, et rom for tanker, refleksjon og samtale - men også et sted til å gjøre avtaler og møter. En plass for så-

² Kristian Fossheim: *Ivar Giaever i Norske Nobelprisvinnere fra Bjørnson til Kydland*, Olav Njølstad red..

Universitetsforlaget 2005. Også utgjeven på engelsk

³ Plaketten ved monumentet inneheld liste over bidragsytarar til jubileet: Advokatkontoret Arntzen de Besche, Adolf Øiens Donationsfond, Adresseavisen, Arild og Emilie Baches Fond, Bernhd Brekke AS, Bunnpris , Eksol AS, Fokus Bank ASA, Heglund Holding AS, Håkon Bleken, InvestorforumTrøndelag, Koteng, Kulturrådet, Kunnskapsdepartementet, Nordenfjelske Bykredits Stiftelse, NTNU, Radisson Blu Royal Garden Hotel, SINTEF, Sparebank 1 SMN, Statoil, Sør-Trøndelag fylkeskommune, Torstein Erbos gavefond, Trondheim Kommune, TrønderEnergi, Knut H Lund



vel mennesker som for en strøm av tanker og idéer som løper ut fra en tradisjon av forskning, samlende, utviklende og kreativ tenkning. Et monument likt en rotunde, med blanke reflekterende utsider som fanger og kaster tilbake et bilde både av verden og plassen rundt omkring. Den oppløser de skarpe grensene og stiller spørsmål ved det vi ser. Innover omfavner den et rom med hvite vegger. Skulpturen har en takkrans, liknende som Panteon, som er åpen opp mot himmelen. I sitt sentrum har skulpturen en speilblank sfære, en speilkule, som reflekterer dette indre rommet, en indre verden. Samtidig tar speilkulen ned og fanger et bilde av himmelen. To verdener, to rom - et indre og et ytre som er åpne og transparente mot hverandre. Skulpturen har et uttrykk som forandres både på dagen, om natten og etter årstidene. En skulptur som med sin utforming oppfordrer til refleksjon, samtale og diskusjoner omkring jordkloden - nå og i tiden framover.».

På plaketten like ved Reflexions står mellom anna:

Fargebelysningen av Reflexions om natten gir direkte informasjon om temperaturen i Trondheim midt på foregående dag, sammenliknet med et gjennomsnitt av målinger utført av Johan Daniel Berlin i årene 1762-1771. Fargen om natten forteller at dagens temperatur, sammenliknet med gjennomsnittet for samme dato i tiden 1762-1771, var:

Rød: mer enn 7° høyere

Orange: mellom 4° og 7° høyere


Gul: mellom 1° og 4° høyere

Hvit: mindre enn $\pm 1^\circ$ forskjellig

Grønn: mellom 1° og 4° lavere

Blå: mellom 4° og 7° lavere

Fiolett: mer enn 7° lavere



Plan for kommunens omarbeiding av Museumsparken, med plassering av *Reflexions* og Cissi Klein-skulpturen ved Magnhild Lunde.



Kransnedlegging på Johan Ernst Gunnerus' grav



Fungerande preses talar ved Gunnerus' grav

Høgtidsdagen den 12.03. starta kl 0900 med at fungerande preses, generalsekretæren og nokre medlemmer møtte opp til nedlegging av krans på Gunnerus' nyrestaurerte gravstøtte ved Nidarosdomen.

Fungerande preses heldt ein kort tale der han retta ein ærbødig takk til Selskabets stiftar, Johan Ernst Gunnerus, og omtala hans visjon om å setje Norge på det internasjonale kartet innan forskning og kunnskap, inspirert av opplysningstidas ideal.

Han påpeikte at Norge med dette kom i forkant av ei utvikling som mellom anna skulle inspirere den franske revolusjonen, og gjennom den også den norske grunnlova.

Han la til: «Minnet om Johan Ernst Gunnerus' verk har ikkje bleikna med åra. Tvert imot har hans sak fått heilt andre og større dimensjonar enn han kunne ha drøymt om når det gjeld vitenskapens plass og betydning i ettertid...»



Avduking av Reflexions

Ei feststemd kongeleg handling i snø og vind



"Kjem ikkje kongen snart?"

Frå venstre: Per Ottesen, Kristian Overskaug, Torbjørn Digernes, Kristian Fossheim



Etter velkomst ved fungerande preses helsar Kongen på rektor Torbjørn Digernes. Humøret i snøveret var upåklageleg. Fylkesmann Kåre Gjønnes til høgre.

Før Høgtidsdagen, med Selskabets Protektor H M Kong Harald aktivt til stades, hadde alt blitt gjort for eit godt førebudd opplegg. For H M Kongen vart dette ein sers travel dag som starta med Statsråd på Slottet kl 11, deltaking i Museumsparken ca kl 1530, deretter opning av den omfattande historiske utstillinga i NTNU Viten-





Fungerande preses talar.



Hans Majestet Kongen talar



Högdepunktet i jubileet: Kongen klipper bandet rundt Reflexions



skapsmuseet, Høgtidsmøtet i Erkebispegården kl 1800 med etterfølgjande middag i Herresalen, og til slutt avreise til Oslo med nattoget.

Ved Kongens ankomst i Museumsparken var det lett vind og lett snøver. Her tok fungerande preses Kristian Fossheim imot, saman med NTNUs rektor Torbjørn Digernes. Samtidig vart det avfyrt full saluttrunde frå Kristiansten festning. Det friske veret vart teke med godt humør, noko bileta viser.

Under forflytting til VIP- plass spela Luftforsvarets Musikkorps fanfare. Kongens følgje fekk plass under eit ope telttak. Det var sett opp podium for talarane.



Ordfører Rita Ottervik gjenopnar museumsparken etter ombygging, og tek i mot gåva: Monumentet Reflexions.

Fungerande preses ynskte alle velkomne og tala om bakgrunnen for at monumentet Reflexions vart sett opp, og om juryens vurdering. Han omtala Johan Ernst Gunnerus som Norges første internasjonalt kjende naturvitskapsmann, og gratulerte kunstnarane med det vellykka resultatet. Han forklara korleis nattbelysinga i monumentet heng saman med meteorologiske målingar utførde av Johan Daniel Berlin på 1760-70 talet. Han førde deretter H M Kongen inn i monumentet der Kongen klippte snora i nasjonalfargar, knytt rundt heile Reflexions. Kongen lykkeønskte Selskabet med feiringa, talte om Selskabets lange historie, og ønskte Selskabet vidare framgang.

Monumentet vart så overlevert til Trondheim kommune ved ordførar Rita Ottervik, som heldt tale der ho gjenopna Museumsparken

etter omfattande restaurering og omarbeiding, også dette eit jubileum for ein park som hadde vore arena både for verdsrekord på 500 m skøyter, og forlystelsespark for byen i tidlegare tider. Nå framstod den som ein park for både gamle og unge, med ny plen, med nyplantingar av busker, blomster og tre, og med leikeinstallasjonar med vitskapleg tilsnitt. Cissi Klein- skulpturen som frå før var plassert i nabo- hjørnet av parken, var eit vakkert monument i sitt fysiske uttrykk, men meint som ei sterk påminning om den brutalitet byen hadde opplevd under andre verdskrigen, då den unge jenta Cissi vart arrestert i klasserommet og seinare førd til gasskammeret i Tyskland, eit sterkt motstykke til den høgkultur Reflexions viser til med sine rolege, klassiske former⁴.

⁴ Solvieg Lønmo skreiv sidan ein svært positiv kritikk i Adresseavisen: *Refleksjoner i speil og sinn*



”

Sic nos! Nos nobis

”

Slik arbeider vi, men ikke for oss selv.





Frå venstre: H.M. Kongen, Ordførar Rita Ottervik, Biskop Tor Singsaas, Kunstnaren Mats Olofgörs



H.M. Kongen talar







Reflexions under bygging i sprengkulde, minus tjue på det kaldaste. Øverst: Her skal Reflexions stå. Delene til monumentet ligg på lasteplanet, transportert frå Sverige. Mats Olofgörs står ved modellen.





Reflexions i ulike lyssettingar. Sjå forklaring s. 20.





Museumsdirektør Axel Christophersen og Morten Steffensen (til v.) helsar Kongen med følge velkommen til NTNU Vitenskapsmuseet.



Gjestene får orientering om museets utstilling ved formidlingssjef Morten Steffensen (utanfor biletet).





H.M. Kongen får innføring i moderne hjerneforskning av to av Selskabets medlemmer, ekteparet Moser.

Kongen og hans følge vart så ønskt velkomen til opning av den store utstillinga i NTNU Vitenskapsmuseet, der museumsdirektør Axel Christoffersen tok imot ved inngangen. Ansvarleg for utstillinga var formidlingssjef Morten Steffensen. Utstillinga gav eit minneverdig tilbakeblikk på Selskabets historie⁵, og med vidare referansar til vitenskapshistoria. Tittelen på utstillinga, «Vitenskap gjennom 250 år, Fra Noas ark til Dobbel Helix» fortel om spennet. Tema som vart belyste hadde overordna titlar som «1760 og den moderne tid», «Vitenskap og sannhet», «Forskning og framtid», «Noas ark og Dobbel Helix», med utstillingar fordelt gjennom etasjane.

Her fekk Kongen først ei innføring i eit stort materiale frå dyreriket rundt i verda, samla opp gjennom hundreåra av Selskabet. Den høgaktuelle nevrovitenskaplege forskinga til May-Britt og Edvard Moser vart presentert av desse to sjølv, dei to som sidan skulle få Nobelprisen i medisin i 2014. Som guide hadde ein henta inn skodespelaren Øyvind Brandtzæg i skikkelsen til Johan Ernst Gunnerus i bispekåpe. I 1760- talets språklege finformuleringar og i humoristiske vendingar førde han Kongen med følge gjennom mange av dei eldste og finaste skattane i utstillinga, i konverserende tiltaleform, til stor fornøyelse for alle, ikkje minst for Kongen sjølv.

⁵ Same dag hadde preses Steinar Supphellen ein kronikk om Selskabet i Adresseavisen



Øyvind Brandtzæg i Gunnerus' skikkelse viser Kongen eit av museets klenodier, i humoristiske vendingar



Høgtidsmøtet

Høgtidsmøtet ved 250- års jubileet for Det Kongelige Norske Videnskabers Selskab vart halde i Øysteinsalen i Erkebispegården, med etterfølgjande kongemiddag i Herresalen og Hvelvrommet. Etter at alle hadde teke plass i Øysteinsalen, vart H M Kongen ønskt velkomen av fungerande preses på trappa til Øysteinsalen og førd på plass i salen.

Etter helsingsord for dagen ved fungerande preses, spela Trondheim strykekvartett Allegro frå Sinfonia i D-dur av Johan Daniel Berlin. Det vart nå halde talar, musisert, og delt ut prisar og medaljar.



Fungerande preses helsar Selskabets protektor og gjester velkomen til høgtidsmøtet.



Frå første benk i salen





Kjell Ivar Flatberg.

Kjell Ivar Flatberg las biografien over Olav Gjærevoll som årets minnemedalje var prega over. Han omtala Gjærevolls arbeid i botanikken, og framheva hans innsats i norsk politikk, som ordførar i Trondheim, som universitetspolitikar, stortingsmann og statsråd. Særleg la han vekt på Gjærevolls innsats som verdas første miljøvernminister. Minnemedaljen i gull vart tildelt Jon Østeng Hov, naturfotograf, friluftsmann og miljøforkjempar.

I K Lykkes pris til yngre forskarar vart tildelt samfunnsforskarer Jon Hernes Fiva, og to forskarar innan naturvitskap, matematikaren Petter Andreas Bergh og fysikaren Jakob Linder. Gunnerusmedaljen vart tildelt Nobel-prisvinnaren Ivar Giaever. For sine oppdagingar innan kvantetunnelering i superleiar vart Ivar Giaever tildelt Nobelprisen i fysikk i 1973. Giaever er den einaste nordmann som har fått Nobelprisen i fysikk. I nyare tid har Giaevers pionerarbeid med kvantetunnelering fått fornya aktualitet og betydning. Selskabets Protektor, H M Kong Harald, overrekte Gunnerusmedaljen til Ivar Giaever. Etter overrekkinga spela strykekvartetten *Ved mandjævningen frå Sigurd Jorsalfar* av Edvard Grieg.



Jakob Linder, prisvinnar i naturvitskap





Ivar Giaever får Gunnerusmedaljen overrakt av Selskabets Protektor, Kong Harald V.

Høgtidsforedraget ved Lorna Casselton

Professor Lorna Casselton, foreign secretary of Royal Society, fra vitenskapsselskapet som feira sitt 350- års jubileum i 2010, heldt høgtidsforedraget⁶ over temaet *"Science and Diplomacy: An important role for Academies."*



Etter talen overrekte Lorna Casselton gave til Selskabet fra Royal Society

⁶ Heile foredraget er trykt i DKNVS Årbok 2010

Med referanse til dei aller første forsøk på vitskapleg eksperimentering sa ho: “In most developed countries learned societies like ours are considered a source of informed scientific advice particularly by governments and other decision makers ... In developing countries there is often too little conversation between the Academies and government and that is something that the Royal Society is very aware of. Part of our International work is focused in Africa where we are working with the National Academies in several countries at the present time, aiming to strengthen their capacity to act as champions of science and provide evidence-based policy advice to their governments.”...” The Royal Society is no stranger to using diplomacy for scientific purposes. It appointed a foreign secretary in 1723 nearly 60 years before the British government did – his task was to maintain correspondence with scientists from other countries in order to have free exchange of scientific knowledge...” “Scientists can talk when governments find it difficult...”

Etter foredraget las generalsekretæren ein kort beretning om arbeidsåret 2009. Fungerande preses annonserte at ei gåve i form av eit kunstverk av Håkon Bleken ville bli overrekt Hans Majestet. På vegen ut helsa Hans Majestet på Bleken og tok imot kunstverket.



Kongen helsa på kunstnaren Håkon Bleken og tok mot hans kunstverk.



Kongemiddag i Herresalen og Hvelvrommet



H. M. Kongen blir henta til Herresalen av fungerande preses



Gjestene på plass i Herresalen.

Etter ein halvtimes pause i Parsbergrommet vart Kongen følgd til Herresalen mens fanfare vart spela frå balkongen i Herresalen og skapte høgtid ved opninga. 236 gjester var benka ved bordet i Herresalen og Hvelvrommet⁷. H M Kongen hadde

⁷ På grunn av den veldige interessen blant medlemene for å delta på høgtidsmøtet, måtte Hvelvrommet i kjellaren i Erkebispegården takast i bruk under middagen. Enkelte medlemmer reagerte negativt på denne plasseringa, men alternativet var å ikkje få delta. Prinsippet som vart forsøkt følgt, var å akseptere påmelding etter regelen først – til – mølla.



fungerande preses på si venstre side og Fylkesmannen på høgre side under middagen. Generalsekretæren var toastmaster.

Det vart eit nær tre timar langt bordsete, med god lokal mat frå Trøndelag. Hans Majestet var i strålende humør og engasjerte seg i livleg samtale gjennom store deler av middagen.

Fungerande preses heldt talen⁸ ved bordet, der han mellom anna viste til avdukinga av monumentet Reflexions tidlegare på dagen. Han la vekt på at jubileet for DKNVS var ei framtidsretta handling, ei nødvendig investering i framtid, ikkje eit eingongsforbruk av ressursar. Selskabet vil med dette i større grad enn før vende blikket utover, ut i verda, bli meir deltakande i vår tids utfordringar, styrke vår



Oversiktsbilette frå Herresalen.

internasjonale dimensjon i ein global kunnskapsmarknad, utfordre våre yngre og ambisiøse medlemmer til større aktivitet i Selskabets regi og ha tettare band til våre mest naturlege samarbeidspartnarar som NTNU, SINTEF og NTVA. Han la til at heile jubileet er ein sum av tiltak som bekreftar vår oppgåve og byggjer på Selskabets to føremål: Forsking og formidling.

Han opplevde der og då stemninga i salen som eit høgdepunkt i jubileet.


Etter at Fylkesmannen hadde takka for maten følgde fungerande preses H M Kongen ut av salen og ut på trappa til kortesjen. I det lette snøvet vart det teke eit hjarteleg farvel og sagt gjensidig takk for ein hyggeleg kveld. Bilkortesjen førde så Hans Majestets følge til Trondheim jernbanestasjon og nattoget til Oslo. Ein minneverdig dag var over.

⁸ Talen er trykt i Årbok 2010





Utsnittsbilete frå Herresalen, hovedbordet med Kongen.



Styret hadde valt å heidre Olav Gjærevold på minnemedaljen avers.



Utstilling av Håkon Blekens kunst



Jan Brockmann talar ved opninga.

Tanken om ei utstilling av Håkon Blekens kunst i Trondheim Kunstmuseum vart først teken opp av jubileumskomiteéns formann alt i 2006. Blekens posisjon som Trondheims fremste residerande kunstnar gjorde det til ei likefram sak å velje han som «festivalkunstnar» ved jubileet, ikkje minst når ein også hugsar på at han er medlem og kollega i DKNVS Akademi. Det vart bestemt at kolteikningane skulle vere utstilte i den store midtre salen i første etasje i TKM, og måleria skulle ha heile andre etasje. Jan Brockmann skulle være kurator og forfattar, Cathrine Hovdahl Vik produsent og forfattar. Randi Lium skulle vere ein av forfatarane, vidare Harald Flor og Øyvind Storm Bjerke. Forordet skulle skrivast i fellesskap av Randi Lium og Kristian Fossheim på vegner av dei respektive institusjonane.

Det blei påpeikt at ein hadde med å gjere ein kunstnar som heldt stor aktivitet, ja hadde vist oppblomstring i relativt høg alder, og at dette kunne vere eit viktig moment å rette merksemd mot. Utstillinga fekk namnet *Dødsfordriv*. Når det gjeld økonomi, kan det godt seiast at dei 100 000 kr som *Dødsfordriv* kosta DKNVS, saman med utstillinga *Trondhjems gullalder* i Nordenfjeldske Kunstindustrimuseum, også med DKNVS-støtte på kr 100 000, var av dei tiltak som gav desidert mest igjen for pengane i heile jubileet. Båe utstillingar vart store opplevingar.

Opning av Bleken-utstillinga



Liv Ullmann les dikt

Opninga den 13.03. var svært godt besøkt av publikum i ein fullsett sal. Det var sendt ut bortimot 2000 invitasjonar. Katalogen på over 70 sider, redigert av Cathrine Hovdahl Vik, var som ei god kunstbok, med eit rikt utval av bilete, og fleire gode artiklar om Blekens kunst. Heile katalogen er tilgjengeleg på internett: <http://www.dknvs.no/?p=4065>
Det vart halde talar av Randi Lium, Kristian Fossheim og Jan Brockmann. Liv Ullmann las diktet "Do not go gentle into that good night," av Dylan Thomas.



Den unge fiolinisten Anh Hou Sæther spela Sarabande av Bach. Til slutt heldt statsråd Tora Aasland den offisielle åpningstalen.

Ho uttala mellom anna: «Håkon Bleken er en av vår tids viktigste og mest innflytelsesrike kunstnere, med en imponerende, kraftfull produksjon med et bredt spekter av uttrykk fra kulltegninger, trykk inspirert av Hedda Gabler til glassmalerier.»



Håkon Bleken ved eit av hovudverka i utstillinga.



Håkon Bleken ved portrett av Arne Nordheim.



Ho siterte Franz Werfel:

”Og plutselig stod det klart for meg; Kunsten er det motsatte av tidsfordriv; den er et forsøk på å holde tiden fast; den er dødsfordriv!”

Ole-Einar Andersen gav ein grundig omtale i Adresseavisen. Han framheva spesielt portrettserien av Arne Nordheim, kalla «Avskjed». Bleken sjølv karakteriserte dette som den beste utstillinga i karrieren, ved sida av Festspill-utstillinga i Bergen i 1978.

Festførestilling i Olavshallen

Alt hausten 2006 var det eit klart ynskje i jubileumskomiteén og i Styret om ei festførestilling i Olavshallen som eit viktig innslag i jubileet. Det var også klart at dette ville bli det mest utfordrande prosjektet å gjennomføre og å finansiere, mellom anna fordi det ville krevje ein type kompetanse som Selskabets leiing og administrasjon ikkje hadde. Jubileumskomiteén sette ned ein eigen underkomité, Harry Rishaug, Kathrine Skretting, Einar Aas og Kristian Fossheim, for å halde kontakten med jubileumskomiteén og Styret. Prosessen fram mot forestilling den 13.03.2010 vart svært lang og komplisert.

Eitt av resultatane vart at den kjende teaterregissøren Terje Mærli i ettertid skreiv eit heilaftens teaterstykke om Gunnerus og hans tid. Det seier litt om kva lange prosessar ein gjekk gjennom. Men Mærli fekk ikkje oppdraget pga kostnadsproblemet ved store førestillingar. Det enda med at den unge regissøren Erik Schøyen fekk oppdraget.

Det skulle vise seg at Schøyen valde ein sterkt teknisk prega regi, noko som ennå ein gong dreiv kostnadene kraftig i veret, og gjorde heile opplegget svært komplisert og krevjande, den mest omfattande førestilling i Olavshallens mest 20 år gamle historie til då! På scena sat fullt symfoniorkester, alle instrument utstyrt med individuell mikrofon. Salen var mellom anna utstyrt med store LED-skjermar, og ei dansarinne kunne sveve ned på scena frå høgt oppe under taket, etc. Artistane var forutan dei ”tre store” Liv Ullmann, Arve Tellefsen og Håkon Bleken, songerinna Mari Boine, dansarinna Ella Fiskum, musikkteknologen Øyvind Brantsegg, skodespelaren Hans Petter Nilsen, Trondheim Symfoniorkester og Nidaros Domkirkes kor. Konferansier var Gry Molvær. Olavshallen var bortimot fullsett med sine over 1200 plassar, så forventningane var rimeleg store i byen. Sponsorar og deira gjester fekk stor plass på gjestelista.

Litt om innhaldet i førestillinga

I desember 2009 gav Erik Schøyen ei skisse av hovudidéen med festførestillinga, der tanken var at den skulle starte med dans på ein kultstad med ringforma steinsetting, og deretter gjere spranget i tid over til stiftinga av Selskabet. Dette har ein referanse til funn av steinsettingar, rapportert til Selskabet alt på 1700-talet.

Element i innhaldet var blant anna Hans P Nilsen, som framførte DKNVS’ historie i humorversjon på 10 minutt, Trondheim Symfoniorkester, som spela Sinfonietta, 1. sats, allegro av Johan Daniel Berlin og Gry Molvær, som viste fram og omtala Isaac Newtons mest berømte verk: *“Philosophiae naturalis principia mathematica, meir kjent som Principia. Boka vart gitt ut i 1687 og innheld grunnlaget for dei neste*



århundra si utvikling innan fysikk og astronomi - og det finst vel neppe noko anna verk innan fysikken som kan sidestillast med *Principia* i tyding. Det er her Newton kjem med sine lover om rørsle, og også Newtons universelle gravitasjonsteori. Det berømte eplet.

Og berre det at denne boka finst i Trondheim er ganske fantastisk! Fordi dette er førsteutgåva frå 1687 og boka vart trykt i berre 250 eksemplar som raskt vart utselde allereie den gongen.

Eigaren av denne *Principia* var biskop Johan Ernst Gunnerus. Det var han som hadde boka med til Trondheim kanskje frå studietida si i Jena og Halle. Men det at Gunnerus tidleg eigde denne boka – er eit symbol på han som person og som biskop».

På dei store LED-skjermene som hang høgt over salen, vart det vist to klipp frå filmen *Mindwalker*, der Liv Ullmann hadde rolla som fysikkprofessor Sonia som drøftar tilveret med ein poet. Gry Molvær intervjuar Liv Ullmann om samanhengen mellom vitenskap og scenekunst, og ho intervjuar også både Håkon Bleken og Arve Tellefsen. Førestillinga fekk ei lengde som langt overgjekk det avtalte tidsspennet på to timar. Adresseavisen gav den treffande karakteristikken i ei overskrift over to sider: «Este ut i alle retninger».

Festførestillinga hadde mange gode og vakre innslag både musikalsk og visuelt, og slett ikkje alle tok overforbruket av tid så alvorleg. Enkelte hadde berre rosande ord.

Jubileums-festgudsteneste i Nidarosdomen



Med det utgangspunktet Selskabet hadde, med biskop Gunnerus som stiftar, og seinare biskopar i rekke og rad som preses, hadde DKNVS frå første stund eit nært tilhøve til kyrkja og Nidarosdomen. Dette vart forsterka av at Gerhard Schøning studerte Nidarosdomen som historikar, og at Johan Daniel Berlin var den første organisten som spela på Wagnerorgelet frå 1741, orgelet som nå er restaurert og eit av Nidarosdomens finaste «smykker», både estetisk, historisk og musikalsk. Gudstenesta opna med J S Bach: Preludium i G-dur, spela på Wagnerorgelet, deretter framførde fungerande preses velkomstord. Assisterande generalsekretær i DKNVS, Per Ottesen las bibelord. Preika var ved biskop Tor Singsaas, der han også markerte jubileet. Samanhengen med DKNVS sitt jubileum vart elles understreka ved at organisten spela Gavotta, Menuett og Giga frå Sonatine i d- moll av Johan Daniel Berlin på Wagnerorgelet. Det vart halde nattverd. Postludium var J S Bach: Fuge fra Toccata og Fuge i d- moll, også spela på Wagnerorgelet.



Trondheims gullalder

Utstilling i Nordenfjeldske Kunstindustrimuseum

Opptakten til utstillinga i Nordenfjeldske Kunstindustrimuseum var eit møte mellom formannen i jubileumskomiteén og direktør Jan-Lauritz Opstad alt hausten 2006. Her vart det gjeve tilbod frå DKNVS om å støtte ei retrospektiv utstilling med kr 100 000. Det kom fort til semje om at det skulle fokuserast på den tidsepoken som Opstad har kalla "Trondheims gullalder", dvs tidsrommet 1750-1850, som han og har skrive bok om⁹. Museet har ei eineståande samling frå denne tida. Det vart lagt opp til ei nyskapande utstilling der ein bygde opp rom etter dåtidas skikk, det vil seie med daglegstove, finstove og soverom, og med originalt inventar. I tillegg vart det laga ein uteplass der mellom anna fru Schøller si praktfulle vogn kunne stillast ut for første gong. Likeeins vart smijarninngangen til biskop Gunnerus' hus utstilt. Kurator for utstillinga var Håkon Andersen. Han opplyser at utstillinga vart besøkt av over 16 000 personar. Trondheims ordførar Rita Ottervik heldt opningstalen, og sa mellom anna: «Trondheim 2010 står i kunnskapens og vitenskapens tegn. Det Kongelige Norske Vitenskabers Selskab er 250 år og NTNU 100 år. To av våre tyngste og mest anerkjente fyrtårn innen kunnskap og forskning med enorm betydning for byen, for regionen og for nasjonen. Vi skal benytte 2010 til å se tilbake i historien og til å styrke og inspirere oss til å gå inn i framtida. I denne sammenhengen er det derfor naturlig å nevne DKNVS' og NTNUs avlegger SINTEF. Tre tunge kunnskaps- og forskningsinstitusjoner som skal forene sine krefter inn i framtida. Jeg er overbevist om at de tre distingverte herrer Scøning, Gunnerus og Suhm hadde vært ganske så fornøyd med den utviklinga som har skjedd i løpet av 250 år, hvis de hadde vært til stede her i dag...

...Perioden vi kaller Gullalderen befester den betydningen internasjonalisering, åpenhet og nysgjerrighet har for utviklingen av egne ambisjoner, verdiskaping og positive utvikling og vekst. Dette er ambisjoner og målsetting vi også finner igjen i det moderne Trondheim. Internasjonalisering i forsknings- og kunnskapsmiljøet vårt vil bidra til å heve oss blant de fremste i Europa og bidra til en attraktiv by og region for framtidens utvikling og verdiskaping.

Utstillingen "Trondhjems gullalder 1750 til 1850" byr på en vandring i det Trondheim som forsvant. Vi møter byens borgerskap og får et innblikk i deres arenaer for dagligliv og fest. Akkurat som den gang så må vi nøye oss med å betrakte rikdommen og festlighetene gjennom vinduene ut mot gata...

...De var rike og de var forfengelige. Men de var også driftige entreprenører som så muligheter og ikke var redd for å gripe dem. De gav stolthet til byen og de etterlot seg rike kulturminner vi har stor glede av i dag. Med sitt entreprenørskap, sin livsstil, ambisjoner og nysgjerrighet gjorde de Trondheim internasjonalt kjent. Og hvilken by det var! »

Etter opninga var det omvising i ein svært interessant og imponerende utstilling. I kvart rom som var sett opp, kunne ein sjå inn i ein 1700- tals heim, bygd opp til kvar minste detalj av originale gjenstandar.

⁹ Jan-Lauritz Opstad: *Paa Trondhjems vis. Andrimne* 2003





Gullalderens finstue øverst og spisestue nederst.





Soverom øverst og fru Schøllers vogn nederst. Det var første gang vogna vart utstilt.



DKNVS Jubileumskonferansar 2010

Førebuingane til jubileumskonferansane tok til hausten 2005, alt før jubileumskomiteén var oppnemnd, ved at visepreses tok eit initiativ for å få STATOIL med på å støtte ein serie konferansar fram mot jubileet. Sidan vart NTNU spurd om å delta, og planen vart endra til to konferansar i jubileumsåret. Støtten som vart oppnådd på kr 200 000 frå kvar av desse, sette standarden for andre hovudsponsorbidrag til jubileet. Jubileumskonferansane vart støtta med kr 500 000 kvar¹⁰, med DKNVS som hovudsponsor. Gjennom avisannonser gjekk det ei utfordring til forskingsmiljø i Norge om å legge fram forslag til internasjonale vitskapelege konferansar, ein på humanistisk side og ein på naturvitskapleg/ medisinsk/ teknisk område. Det kom inn 11 komplette forslag til program. Av dei vart desse to valde:

DKNVS Jubileumskonferanse I:

Sustainable Conservation: Bridging the gap between diciplines

Konferansen vart arrangert på vegner av DKNVS av Centre for Conservation Biology ved NTNU av professor Bernt-Erik Sæther og professor Gunilla Rosenqvist 15.–18. mars 2010 på Rica Nidelven Hotel, Trondheim. Konferansen hadde 241 registrerte deltakarar frå 12 land, frå Europa, USA, Australia og Asia, og 10 inviter-te forelesarar frå Europa, USA og Australia. Konferansen vart opna med ein tale av fungerande preses Kristian Fossheim. Rektor Torbjørn Digernes utnemnde konferansedeltakaren Ilkka Hanski frå Universitetet i Helsinki til æresdoktor ved NTNU i samband med hundreårsjubileet for NTH/ NTNU.

Rapporten etter møtet slår fast at “The aim of the conference was to present and discuss the scientific basis for a sustainable conservation of natural resources, in particular focusing on the process of extinction. A central goal for the conference was to identify common principles for a sustainable management that also can ensure conservation... In general, it was the opinion among the participants that the quality of the presentations at the conference was kept at an extremely high scientific standard.”

DKNVS Jubileumskonferanse II:

Climate Change and Security

Konferansen vart arrangert på vegner av DKNVS i regi av forskarar ved NTNU og Senter for borgerkrigsforskning, (Centre for the Study of Civil War, CSCW) ved Institutt for fredsforskning (PRIO), av professor Nils Petter Gleditsch, professor Ola Listhaug og professor Ragnar Torvik 21.–24. juni på Quality Hotel Augustin, Trondheim. Konferansen vart opna av preses Steinar Supphellen. N P Gleditsch skreiv mellom anna i sin rapport til DKNVS : «Etter konferansen ble 25 forfattere (inkludert noen av plenarinnleiderne) invitert til å sende inn en revidert utgave av sitt bidrag som artikkel til et spesialnummer av Journal of Peace Research. De fleste fulgte oppfordringen, og alle artiklene ble sendt ut til fagfellebedømming på ordi-

10 Ved utvelging av jubileumskonferansar fann Styret at ein tredje søknad hadde så høg kvalitet at ein ynskte å støtte den i jubileumsåret. Dette var konferansen *Language contact and change – grammatical structure encounters the fluidity of language*, arrangert av Brit Mæblum og Tor A. Åfarli hausten 2010.



nær vis. Spesialnummeret ble utgitt i januar 2012. Noen av de inviterte sendte ikke inn noen artikkel, og noen artikler ble forkastet underveis. Likevel sto 16 artikler tilbake. Min etterfølger som redaktør av JPR var svært positiv til prosjektet, og til-
lot at alle ble publisert i spesialnummeret (tidsskriftets største spesialnummer noen gang), med tillegg av en innledning av meg selv som gjesteredaktør.

Siden Journal of Peace Research redigeres på PRIO, bør jeg kanskje presisere at det er et ledende internasjonalt tidsskrift innenfor internasjonal politikk og statsviten-
skap. Tidsskriftet er regelmessig rangert i ISI Web of Knowledge's Journal Citation Reports blant de 10–15 ledende tidsskriftene i kategorien internasjonal politikk. (I JCR Social Sciences 2012 er JPR nr. 6 av 83 tidsskrifter på two-year impact factor, og nr 5 på den mer stabile five-year impact factor). Det er litt tidlig å si noe definit-
tivt om hvor mye artiklene vil bli sitert, men alle 17 bidragene er foreløpig blant de mest siterte i årgangen. Vi tror dette skal bli en publikasjon som setter spor etter seg i faglitteraturen.»

Andre hendingar



*Fra venstre: Visepreses Kristian Fossheim
utkledd som biskop Gunnerus, preses Steinar
Supphellen*

Ved 17. mai-feiringa i Trondheim i 2010 vart Selskabet vist spesiell merksemd då ordføraren inviterte Selskabet til å gå i front i Borgartorget. Preses Supphellen, som nå var i full aktivitet att, gjekk åleine først i toget, deretter visepreses som av preses var pålagt oppdraget å kle seg i bispekjole og marsjere gjennom byen som Gunnerus, mens Jan Ragnar Hagland gjekk like bak med forklarande plakat med namnet Gunnerus på. Endeleg kom medlemene i Selskabet, om ikkje akkurat i slutta tropp, så i alle fall i godt humør på grunnlovsdagen! Publikumsframmøtet ved Borgartorget og responsen var over-
veldande å oppleve for deltakarane.

Det kan og nemnast at Hroar Klempe arrangerte eit seminar med markering av psykologien i Trondheim. I ein samtidig kronikk refererte han til Gunnerus: «I sitt Hyrdebrev fra 1758, der han kunngjør planene for Vitenskapsselskapet i Trond-
heim, fremheves også «psychologia em-
pirica» eksplisitt. Gunnerus banet derfor vei for den nye vitenskapelige tenkemåte i Wolffs ånd.»



Etterord

Med den oppslutnad og merksemd jubileet fekk i folket og i media, er det all grunn til å hevde at jubileet levde opp til forventningane, og at DKNVS fekk ein ny status i byen og landet. DKNVS vart omtalt i media over heile Norge. Jubileet må kunne kallast ein stor suksess. Det er verd å merke seg at den estimerte kroneverdien av ikkje-fakturert innsats frå eksterne institusjonar nærma seg Selskabets eigen, som i budsjettet utgjorde 12,8 millionar kroner. Av dette igjen vart 90% dekkja av sponsormidlar. Retriever-rapporten om jubileet fyllte 100 sider. Men i tillegg til omdømme, er den viktigaste testen kva konkrete resultat det kan visast til i ettertid.

Vi kan då slå fast at tre særskilte initiativ har ført fram: Den internasjonale Gunnerusprisen for bærekraft vart oppretta, og utdelt i samarbeid med Technoport for første gong i 2012. Vidare vart det i 2013 inngått ein svært god avtale med NTNU om oppgradering av og innflytting i Fylkesmannsboligen i Elvegata 17 under konseptet Vitenskapens Hus, underteikna av rektor Torbjørn Digernes ved NTNU og DKNVS` preses Kristian Fossheim under Høgtidsmøtet i 2013. NTNU budsjetterte med ei oppgradering av Fylkesmannsboligen til 20 millionar kr, og Selskabets innflytting vil skje i 2015. Som eit resultat av vidare innsats fekk DKNVS gjennomslag i 2013 for eit økonomisk løft i Statsbudsjettet på 2 millionar. Dette er dei tre viktigaste grep som er gjorde i presesperioden 2011-2013, etter jubileet.

Alt dette gjer sitt til å heve Selskabets evner til å ta nye roller i samfunnet. Det svært ambisiøse programmet for jubileet hadde nettopp slike siktemål. I seg sjølv kan dette utan tvil tolkast slik at innsatsen var verd det.



Etter jubileet vart sponsorane og andre støttespelarar inviterte til ei oppsummering i Selskabets framtidige tilhaldsstad: Fylkesmannsboligen i Elvegata 17. Konklusjonen var eintydig positiv.







Fotomateriale:

Bruce Sampson: s. 22-27, 30-39

Kristian Fossheim: I.G. s. 12, 17, 28, 29, 41, 49

Trondhjems katedralskole: Sjå referanse i figurteksten s. 15

Nordenfjeldske Kunstindustrimuseum: s. 45, 46

Vera de Bruyn-Ouboter: Monochordon Unicum s. 14, 15

Elsa Fossheim: s. 21, 40, 48

Ellen Lande Gossner: s. 3

Kari Dahl: styrefoto s. 3

Charles L. Bennett: s. 17

Mats Olofgörs og Torbjörn Johansson: s. 19

Helge E. Ødegaard: s. 50

Alle andre foto og illustrasjonar tilhøyrrer DKNVS.



